

Les om kva som har skjedd i Seljord Røde Kors i 2021

Til alle våre medlemmer, då har eit nyt år gått, 2021 er historie.

2021 har vore eit aktivt år for seljord Røde Kors. Sjølv om stor dugnaden Dyrskuen nok ein gong vart avlyst, har det vore god aktivitet i laget.

Her kjem noko av det me har drive med dette året.

Røff. Ei veldig aktiv gruppe med utruleg engasjerte lederar og deltakerar. Desse seier aldri nei til å delta på oppdrag og aktivitetar.

Besøksvenn med hund. Har hatt fleire kurs og deltek på samlingar. Ein liten men aktiv gjeng.

Omsorg. Her er det ei aktiv lita gruppe som bidreg til trivsel både for unge og eldre, blant anna med bingo på Nesbukti, adventsfestar og ønsketre til jol for å nevne noko.

Leksehjelp. Her er det aktivitet på huset med god hjelp frå Seljord Folkehøgskule.

Hjelpekorpsset. Har hatt nokre oppdrag, blant anna under stormen i slutten November. Her har det også blitt sett opp eit tilbygg til Garasjen. Dette er gjort dels med dugnad og med innleigd hjelp. Heile bygget vart sett opp godt innafor ramma som årsmøtet gav. Seljord Røde kors har med dette fått eit komplett beredskapssenter som me er svært stolte av. Me takkar alle som har bidrege til at dette vart mogleg å gjennomføre.

Seljord Røde Kors er heilt avhengig av frivillig innsats, Kjenner du nokon som kunne tenke seg å bidra, ta kontakt med nokon av oss slik at me kan hjelpe dei i gang.

Takk for at nettopp du støttar Seljord Røde Kors og det frivillige arbeidet, me er heilt avhengige av slike som deg, og håpar du blir med vidare i 2022.

Med Venleg Helsing

Seljord Røde Kors

Trond Johnsen